

Naustdal, den 10. desember 2019

Til fylkesordfører Jon Askeland

## **Interpellasjon til Fylkestinget i Vestland fylkeskommune - 17.-18.12.2019**

Frå Åsmund Berthelsen, fylkestingsrepresentant for Vestland SV

### **Ei framtidsretta og berekraftig mineralnæring**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane vedtok 8. oktober i år å vere «innstilt på å delta i eit mineralråd for fylket om dette vert skipa innan utgangen av november 2019.» Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane har fått fullmakt til å gje endeleg svar på slik deltaking. Utvalet har også fått fullmakt til å peike ut fylkeskommunal representasjon og å yte økonomisk bidrag. Sogn og Fjordane Fylkeskommune oppmodar Vestland Fylkeskommune om å finansiere og følgje opp mineralrådet vidare.

Eit fyrste spørsmål er om Vestland Fylkeskommune vil handsame spørsmålet om å delta i eit mineralråd, finansiere det og følgje det opp vidare? Eller vil fylkeskommunen vurdere andre måtar å arbeide med å utvikle ei viktig næring i fylket, på ein berekraftig måte?

Mandatet til mineralrådet er i følgje framlegget til reglementet å

«Arbeide for industriell utnytting av mineralressursane i fylket.

Mineralrådet skal halde seg oppdatert om utviklinga innan mineralnæringa og ha særleg fokus på:

- Framtdisretta mineralforvaltning.
- Mineralretta næringsutvikling.
- Mineralretta utdanning.
- Samla infrastruktursatsning.
- Berekraftig utvikling.
- Vidareforedling.
- Handtering av restmasse.
- Aktuelle mineralprosjekt.»

Det mest aktuelle mineralprosjektet i Vestland no, er planane om mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring og Sunnfjord kommune. Søknaden om driftskonsesjon frå selskapet Nordic Rutile (NR) vert no handsama i mineraldirektoratet, etter avslutta høyringsrunde der både Askvoll, Naustdal og Sunnfjord kommune har sendt høyringsfråsegner som tilrår konsesjon om nærare fastsette vilkår og krav vert innfridde.

NR planlegg å utvinne minerala granat og rutil med ope dagbrot i over halvparten av driftstida på om lag 30 år, og å deponere gråberg på land og restmassar med tilsette kjemikaliar i Førdefjorden. Planane er svært omstridde med innvendingar frå forskning, direktorat og stor motstand frå lokalbefolkning og miljøorganisasjonar. I Sunnfjord kommunestyre tilrådde eit knapt fleirtal konsesjon til NR (23 mot 22 røyster). Eit samla

Sunnfjord kommunestyre går inn for mineralutvinning i Engebøfjellet på nærare fastsette vilkår. Fleire av vilkåra og krava er like, men medan fleirtalet på 23 tilrår konsesjon, frårår mindretalet på 22 å gje konsesjon til Nordic Rutile.

Eit anna selskap, Artic Mineral Resources (AMR) har varsla og orientert om planar for ein alternativ driftsmåte, utan ope dagbrot og utan å dumpe restmassar i fjorden.

Det er lagt fram juridiske vurderingar som stiller spørsmål med utvinningsrettane til NR.

Får Fylkestinget i Vestland seg førelagt sak om mineralnæringa slik at den som skal representere fylkeskommunen i mineralrådet får eit grunnlag for arbeidet? Eit anna spørsmål er om Vestland fylkesting vil få høve til å uttale seg om planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring. Og så vil eg gjerne vite om Vestland fylkeskommune vil støtte Sunnfjord kommune i kravet om «full utnytting av ressursane for å unngå bruk av sjødeponi», slik det står i vedtaket i Sunnfjord kommunestyre den 12.11.2019. Vidare vil eg også gjerne vite om fylkeskommunen vil støtte Sunnfjord kommune i kravet om at, «Det må bli gjort ei ny totalvurdering av kjemikalier tenkt brukt i Engebøprosjektet.»

Det prinsipielle i dette er kva fylkesordføraren meiner er ei berkraftig og framtidretta mineralutvinning som det foreslåtte mineralrådet mellom anna skal ha fokus på. Er det berekraftig å dumpe store mengder restmassar/gruveslam med til dels giftige kjemikalier i ein av fjordane våre og å ha ope dagbrot? Er det ikkje meir berekraftig og framtidretta med underjordsdrift frå dag ein og utan å dumpe restmassar i sjøen. Og som sikrar stor lokal verdiskaping og positive verknader for lokalsamfunn og andre næringar i området.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vestland fylkesting ber om å få sak om mineralutvinning i Vestland, om å opprette mineralråd, og særleg om dei konkrete planane for mineralutvinning i Engebøfjellet i Vevring i Sunnfjord kommune.